

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68.

Fylke: Møre og Romsdal.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Borgund.

Emne: Bålbrenning på ymse dagar i året. Bygdelag: Spjelkavik.

Oppskr. av: Ludv. Muri

Gard:

(adresse): Spjelkavik.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I) brise

2) Det gamle namnet på t.d. jonsokelden var brise, men no vert det mest kalla bål. Leirbål. Ruskebål eller rytlebål (sunnmörsk lkj-lyden)

3) Eit stort bål heiter helst brise eller brising.

4-5-6 og 7 er ukjent her.

8) Ja serleg jonsokaftan, men og syftesok (siktesok) ikkje olsokaftan.

9) Nei.

10) Ukjent.

II) Ukjent.

12) Jonsokbålet skulle stå på sitt høgste midnattstid.

13) Nei berre ei viss tid.

14) Bålstaden er den same frå år til år. Her er bålet på Litlegjerdet oppe i lia ei 2-300 meter frå midt-bygda.

15) ja.

16) Nei, men visse gardar var saman om brisen.

17) Ukjent.

18) Både born og vaksne er med.

19) Ja.

20) Det er mest born som dreg i hop tilfanget, men vaksne er med om kvelden når brisen vert brend.

21) Hornmusikke er med eller nokon som spelar fele eller trekk-spel, og kan spela opp til dans.

- 22) Ukjent.
- 23) Nei, emnet til brisen vart(vert) lagt på staden utan grue eller steinlag under.
- 24) Tjõretunner og gamle båtar var framifrå, men og lyng, einebar og furebar var bra.
- 25) Nei.
- 26) Nei såvore fekk gutungane gjevandes og vyrke elles til bålet.
- 27) Nei ingen regel.
- 28) Helst ikkje, men kneip det,vart det gjort.
- 29) Nei.
- 30) Nei.
- 31) Jonsokbålet var det største.
- 32) Det var ei viss tevling mellom gutane i dei ymse bålkrinsane.
- 33) Dette var det likaste för, men no ser det ut til at røyken skal ha mest å seia.
- 34) Då hivde dei innpå mose, gamle sekkjer, tjõrefat m.m.
- 35) Stundom. Då heiv dei innpå raudeine eller turt furebar.
- 36) Ukjent.
- 37) Ukjent nokk men folketru i eldre tid då eld og røyk skulle verna for vonde vette, som kasta trolleskap og sjukdom på dyra.
- 38) Ukjent.
- 39) Ukjent
- 40) Ture jonsoknatt.
- 41) I eldre tid var ungdomen som samlast kring brisen og og på dansarvollen. Dei eldre sat heime i stova og hygde seg med ölbollen og godt prat.
- 42) Jonsokturinga varde natta til endes.
- 43) Det var vanleg at gutane hadde ein kagge öl med seg som eit spleiselag. Det kunne vera fleire slike lag i i flokken. At gjentene bar med seg lefse og kake er truleg, men ikkje visst.
- 44) Var det høveleg plass ved bålet, dansa dei der, i fall ikkje, dansa dei i ei storstove eller på ein låve.
- 45) Slikt hende, men det vart ikkje rekna som noko karsstykke av vakse folk. Gutungane kunne ha moro av det.

46) Smågutane hadde moro av å springa gjennom røyken, men dei vart snart suröygd, og då var det ikkje gildt lenger.

47) Ukjent.

49) Folk ser det som ein gamal skikk som bör haldast i hevd. At folk kjem saman jonsok-kvelden styrkjer samkjensla og venskapen. Det er sjeldnare folk har höve til å koma fleire i lag mot för. Då var det kyrkjeferd, bryllaup, seterhelg og dunalag som förde folk saman.

50) Skikken har halde seg med bålet, men moroa kring bålet har endra seg. Dei vaksne hyggjer seg om kaffikjelen, medan borna skal ha brus og kaker m.m.

51) Sjölve ideen for bålberninga er burte. Det minkar av med frammötet hjå dei vaksne, men borna heldt skikken oppe. For dei er leiken med elden og alle "godter" som fylgjer med det likaste lell.

